

FØRDE BÅTKLUBB

ÅRSMELDING FOR 2016.

Styret sitt arbeid i perioden.

Det har vore 8 styremøter i perioden.

Det har vore eit greit driftsår utan større overraskingar. Imidlertid viser det seg at kapasiteten på vårt drivstoffanlegg er til tider avgrensa og det er krevjande å unngå å gå tom for drivstoff. Uttaket av bensin har auka forholdsvis. Pir 4 er gjerne mest utsett for straum og vind og det medfører noko ekstra arbeid då det er vanskeleg å halde den stabil slik oppankringa er no. Gjennom året er det også avdekket behov for å utbetre oppankringar av pirane i indre hamn. Bygging av bomstasjon utløyste eit ekstra tiltak ved våre eldste naust.

Året har elles vore prega av gjennomføring av planlagt vedlikehald og oppgradering.

Betongbrygger Pir 4. Det var planen at bryggene skulle på plass i løpet av hausten 2016. Det tok tid å få inn pristilbod og det viste seg til slutt at Vestlandsbryggen kom med beste tilbod. Det er same leverandør som sist og styret ser det som ein fordel at det er same leverandør på heile brygga, spesielt med tanke på oppankring. Det var diverre ikkje råd å få lagt ut nye brygger sist haust og utlegging er no tidfesta til april 2017. Slik som tidlegare, vert det lagt opp til dugnadsarbeid frå dei som har båtplassar på aktuell brygge.

For båtplass er eigenbetalinga frå medlem fastsett til kr. 5.000,-. Denne prisen gjeld for breidde 360 cm. og vert justert for større/mindre breidder.

Det vert høve til å byte ut bommar med gangbare utriggarar. Det kostar om lag kr. 10.000,- pr båtplass. Ein må rekne med at det vert omrokkert på båtplassar då dei som ikkje skal ha gangbar utriggar må vere side om side på brygga.

Landområde, inste hamn. Området ved våre eldste naust er rydda og klargjort for å legge asfalt. I samband med bygging av bomstasjonen, såg styret det som nødvendig å få rydda området også mellom nausta og riksvegen for krattskog. Det er no planert ei gate bak nausta som vil gjere vedlikehaldsarbeid lettare. Som venta, avdekket skog og krattryddinga behov for å male alle nausta i 2017. På grunn av det totale kostnadsbiletet er det ikkje prioritert å asfaltere dei nye oppstillingsplassane før i 2018.

Nye naust mot Felleskjøpet. Dette arbeidet stoppa opp for eit par år sidan. Vi er no i gang igjen og formell avtale er no på plass i forhold til FK/tomteeigar. Tilbodet om naust vil gå ut til dei som var med i første runde. Om nokon som står på lista trekker seg, vert vidare tildeling i hht ansiennitet og vedtekter. Etter at fristen gjekk ut, er det 2 som fortsatt vil vere med. Dermed er det anledning for 8 medlemmer med båtplass å skaffe seg naustandel. Når byggjenemd er etablert, er det meininga at den skal drifte seg sjølv.

Internett og Ikt-styring. Det er eit ynskje om å tilby trådløst nett i hamna. Ulike sponsoravtaler har vore på tale, men det har ikkje lukkast å få til noko gratis. Dette må arbeidast vidare med. Vi har fortsatt same styrings- og rekneskapsystem. Dette året har vi hatt 2 personar til rekneskapsarbeid, noko som fungerer godt og som vi tenkjer å vidareføre.

Ny heimeside og e-postadresse er på plass. I tillegg til Facebook vert dette viktige kommunikasjonskanalar framover. Vi oppfordrar alle medlemmer til å gjere seg kjent med desse. Vår nye e-post adr. er post@fordebatklubb.no

Drivstoffanlegget har som nemnt avgrensing og vår første plan var å oppgradere og byggje om eksisterande anlegg. Det viste seg å verte svært omfattande i høve til myndigheitskrav om trykktesting og liknande. Vidare er det også klart at drivstoffpumpa er utdatert og uråd å få nye deler til. Styret har difor vurdert det som mest framtidsretta å byte ut til nye tankar og pumpe. Kostnaden vert betydeleg og vil måtte dekkast over prisen på drivstoff over ein periode på 15 år. I forbindelse med dette har båtklubben også vendt seg til kommunen med spørsmål om å få overta tilstøytande tomt ved drivstoffanlegget.

Låsesystem i båthamna er utdatert. Nøkkelkort er gått ut av vanleg produksjon, og det vert dyrt og tungvint å halde på dette låsesystemet. Det må vurderast å investere i nytt låsesystem med anna form for kode og adgang.

Klubbhuset til båtklubben var meininga å oppgradere innvendig dette året. Då andre oppgåver har vore tidkrevjande har vi derfor utsett dette arbeidet. Det vil venteleg verte gjort i 2017.

Landskyttarstemne 2017. Båtklubben har meldt disponibelt 25-30 bubil/campingvogn plassar og ca 10 båtplassar til stemnestyret. Inntekter frå dette er ikkje rekna inn i budsjett for 2017.

Økonomi. Ein viser til framlagde rekneskap, balanse, revisjonsmelding for 2016, og budsjett for 2017.

Det større arbeidet i 2017 vert betongbrygger på pir 4, og nytt drivstoffanlegg samt igangsetting av ny naustbygging. Utanom dette vert det førefallande arbeid på anlegget som oppankring av

brygger, maling av pirhus og ryddearbeid. Styret melder om at det har vore godt samarbeid mellom medlemmer og medlemmer-styre i året som er gått.

Andre opplysningar:

Medlemer og båtplassar i 2016.

Omsette båtplassar:	11
Omsette naustplassar:	0
Totalt tal båtplassar:	217
Nye medlemmer:	31
Strokne/Utmelde medlemmer:	26
Totalt tal medlemmer:	358

Tillitsvelde i 2016:

Styreleiar	Dag Inge Roska (på val)
Kasserar	Magnar Sætre (på val)
Sekretær	Magne Rye.
Styremedlem	Greger Nyheim, Nestleiar. (på val)
Styremedlem	Ronny Østenstad, Hamnesjef.
Styremedlem	Åge Søgnesand, Hamneassistent (på val)
Styremedlem	Roger Marton Vikum.
Varamedlem	Lars Tefre, Vognfører.
Varamedlem	Odd Kvammen. (på val)

Funksjonsmedlemer

Rekneskapsfører	Rune Borthheim og Tom Thommasen.
IKT-ansvarleg	Stein Mortensbakke.
Heimesideansvarleg	David Olsen.
Materialforvaltar	Asle Stølen.
Revisorer	Geir Grime
	Gerry Eikeland.

Valnemnd

Arild Sundal (kallar inn).

Per Arne Furseth.


Johann GjØringbØ.

Førde 18. februar 2017.



Dag Inge Roska

Styreleiar



Magnar Sætre

Kasserar



Magne Rye

Sekretær



Greger Nyheim

Nestleiar




Ronny Østenstad

Hamnesjef



Roger M Vikum



Åge Søgnesand

Hamneassistent.